



HØYRINGSBREV

31.03.2023

Mellombels flytting av elevar frå Vadheim oppvekstsenter
frå skuleåret 2023/2024

HØYRINGSFRIST: 5. MAI 2023



Høyanger kommune

 57 71 50 00

 postmottak@hoyanger.kommune.no



Postboks 159,
6991 Høyanger

Innhald

Høyring om mellombels flytting av elevar frå Vadheim oppvekstsenter	1
Bakgrunn for høyringa	1
Høyringsspørsmål	1
Høyringsfrist	2
Høyringsinstansar	2
Saksgang	2
Sakshandsaming og regelverk	3
Kartlegging av føringar i lov, forskrift og rettleiarar	3
Barnet sitt beste i kommunen si sakshandsaming.....	4
Innsyn i saksdokumenta	4
Saksopplysningar.....	5
Prognose for elevtal i Høyanger kommune per 29.03.2023:	6
Skulekrinsane i Høyanger kommune.....	6
Nærskulen	6
Læringsmiljøet sin storleik og sårbarheit	7
Skuleskyss og akseptabel reisetid.....	8
Skulefritidsordning.....	8
Drift av barnehage.....	8
Skule og nærmiljø	9
Alternativ for mellombels flytting.....	10
Alternativ 1	11
Alternativ 2	12
Alternativ 3	13
Alternativ 4	14
Alternativ 5	15

Høyring om mellombels flytting av elevar frå Vadheim oppvekstsenter

Bakgrunn for høyringa

I kommunestyremøte den 16. mars 2023, vart det lagt fram prognosar for brukar- og elevtal i kommunen fram til og med 2028. Prognosane syner ei generell negativ folkevekst og nedgang i elevtal. For Vadheim oppvekstsenter kan det bli utfordrande å oppretthalde eit fagleg forsvarleg læringsmiljø ved skulen. Frå skuleåret 2023/2024 er det 8 elevar som soknar til skulekrinsen. Kommunedirektør og kommunalsjef for oppvekst har kome med ei anbefaling om å mellombels flytte elevane til ein større skule. Administrasjonen ønskjer å saksutgreie om det er fagleg forsvarleg og til barna sitt beste å oppretthalde undervisninga ved Vadheim oppvekstsenter.

Høyringsspørsmål

Frå skuleåret 2023-2024 er det kome forslag om å flytte elevane ved Vadheim oppvekstsenter til ein større skule i kommunen. Bakgrunn for forslaget er utfordringar med å oppretthalde eit fagleg forsvarleg læringsmiljø med berre 8 elevar ved skulen.

Har du/de synspunkt, kommentarar eller merknadar til forslaget om mellombels flytting av elevane ved Vadheim oppvekstsenter for skuleåret 2023-2024?

Høyringsfrist

Det finst ikkje lov- og forskriftsbestemte reglar for kor lang fristen for å uttale seg skal vere i saker om skulestruktur. Den enkelte som skal uttale seg må likevel få tilstrekkeleg tid til å førebu si uttale. I [justis- og beredskapsdepartementet sine retningsliner av 30. januar av 2002](#), vert det anbefalt ein høyringsfrist på to månader i saker som handlar om endringar i skulestruktur. I samsvar med FN sin barnekonvensjon skal sakshandsaming knytt til barn vere effektiv for å ta i vare barnet sitt beste. Handsaminga må ikkje ta for lang tid, den skal vere barnevenleg og lett tilgjengeleg. Saka skal handsamast i kommunestyret den 15. juni 2023. Kommunen har difor valt å setje ein høyringsfrist på fem veker.

Høyringsfrist er sett til: 5. mai 2023.

Høyringssvar sendast til Høyanger kommune:

postmottak@hoyanger.kommune.no eller til postadresse: postboks 159, 6991 Høyanger.

Skal du/de sende høyringssvar med sensitivt innhald, ber vi dykk om å nytte e-dialog via vår heimeside: [LENKE TIL E-DIALOG](#)

Høyringsinstansar

Høyringa er open. Alle som ønskjer det kan uttale seg i saka. Følgande grupper inviterast særskilt til å gi høyringssvar:

- Foreldreutvalet
- Skulemiljøutval og samarbeidsutval
- Elevrådet
- Ungdomsrådet
- Fagforeiningane til dei tilsette
- Lag og organisasjonar som har interesse i saka
- Mobilitetseininga/Skyss i Vestland fylkeskommune

Saksgang

Saksgangen er planlagt slik:

- Høyringsbrev sendast ut 31.03.2023
- Høyringsfrist er sett til 05.05.2023
- Høyringssvara handsamast av administrasjonen, og det vert gjort ei saksutgreiing
- Saka handsamast i:
 - Utval for oppvekst, 01.06.2023
 - Formannskapet, 06.06.2023
 - Kommunestyret, 15.06.2023

Sakshandsaming og regelverk

Endringar i skulestruktur og mellombels flytting av elevgrupper er ikkje eit enkeltvedtak. Reglane i forvaltningsloven kap. IV (om saksførebuing ved enkeltvedtak), V (om vedtaket) og VI (om klage og omgjering), kjem ikkje direkte til bruk. Det er likevel eit generelt forvaltningsrettsleg prinsipp at ei sak skal vere forsvarleg klarlagt før ei avgjerd vert teken. Forsvarleg sakshandsaming krev at ei sak er tilstrekkeleg opplyst før det blir gjort vedtak.

Utdanningsdirektoratet har gjennom [rundskriv 2-2012 av 15. mars 2012](#), presisert at avgjerder knytt til skulestruktur ligg i kjerneområdet av den kommunale handlefridomen. Vidare er det presisert at sidan skulestruktur og kringsgrenser i stor grad rammar foreldre og nærmiljø, bør skulen sitt samarbeidsutval, alternativt foreldrerådet, få uttale seg før vedtak om endring i skulestruktur vert endra. I tillegg skal elevrådet få uttale seg. Også andre, som fagforeiningar til dei som arbeider ved skulen, leigetakarar og alle andre som kan ha interesse i saka bør få uttale seg.

Kartlegging av føringar i lov, forskrift og rettleiarar

[Opplæringslova](#) med forskrifter og rettleiarar legg ikkje spesifikke føringar for korleis mellombels flytting, skulekringsgrenser, skulestruktur og skyssorganisering skal vere, men slår fast rettar og prinsipp for nokre av prosessane rundt dette. Her er utdrag frå relevante delar av opplæringslova:

- **Opplæringslova § 7-1 (frå første ledd, om skyss og innlosjering i grunnskulen)**
Elevar i 2.-10. årstrinn som bur meir enn fire kilometer frå skolen har rett til gratis skyss. For elevar i 1. årstrinn er skyssgrensa to kilometer. Elevar som har særleg farleg eller vanskeleg skoleveg har rett til gratis skyss utan omsyn til veglengda. ...
- **Opplæringslova § 8-1 (frå første ledd, om skulen)**
Grunnskoleelevene har rett til å gå på den skolen som ligg nærast eller ved den skolen i nærmiljøet som dei soknar til. Kommunen kan gi forskrifter om kva for skole dei ulike områda i kommunen soknar til. ...
- **Opplæringslova § 9-1 (om leiing)**
Kvar skole skal ha ei forsvarleg fagleg, pedagogisk og administrativ leiing. Opplæringa i skolen skal leiast av rektorar. Rektorane skal halde seg fortrulege med den daglege verksemda i skolane og arbeide for å vidareutvikle verksemda. Den som skal tilsetjast som rektor, må ha pedagogisk kompetanse og nødvendige leiareigenskapar.
- **Opplæringslova § 9-5 (om skuleanlegga)**
Kommunen skal sørge for tenlege grunnskolar.
- **Opplæringslova § 9 A-2 (elevane sin rett til eit trygt og godt skulemiljø)**
Alle elevar har rett til eit trygt og godt skulemiljø som fremjar helse, trivsel og læring.

Barnet sitt beste i kommunen si sakshandsaming

Kommunen er forplikta til FN sin barnekonvensjon, og at det skal leggjast vekt på barnet sitt beste. Dette gjeld også i saker om skulestruktur og mellombels flytting av elevgrupper, jf. artikkel 3 nr. 1: «*Ved alle handlinger som berører barn, enten de foretas av offentlige eller private velferdsorganisasjoner, domstoler, administrative myndigheter eller lovgivende organer, skal barnets beste være et grunnleggende hensyn*». Artikkel 12 i Barnekonvensjonen gir barn ein rett til å uttale seg om alle forhold som vedkjem dei.

Innsyn i saksdokument

Ålmenta si rett til innsyn i offentlege dokument er viktige føresetnader for at ei sak skal bli tilstrekkeleg opplyst. Innsyn legg til rette for samfunnsdebatt om saker som er viktige for innbyggjarane. Retten til innsyn verkar også kontrollerande på forvaltninga og bidreg til å sikre tilliten til uhilda avgjerder. Det følgjer av offentlighetsloven § 3 at kommunen sine saksdokument er opne for innsyn. Innsynsretten gjeld for alle, altså ikkje berre for dei som kunne ha vore rekna som partar, eller andre som skal uttale seg. Eit eventuelt unntak frå retten til innsyn må kunne heimlast etter særskilte unntaksreglar i lov. Til dømes er opplysningar om enkeltpersonar sine personlege forhold unnatekne offentlegheita, jf. offentlighetsloven § 13 og forvaltningsloven § 13,1.

Saksopplysningar

Kommunestyret vedtok i september 2019 at Vadheim skule og Vadheim barnehage/ SFO skulle samlokaliseras til Vadheim oppvekstsenter som ei prøveordning for skuleåret 2019/2020. På grunn av få barn i barnehagen, vart det frå november 2018 samdrift med skulefritidsordninga. Det vart eit meir heilskapleg tilbod med ei større barnegruppe før og etter skuletid, og den pedagogiske drifta vart meir forsvarleg. Frå august 2019 vart skulen innlemma, og det vart samdrift mellom dei to institusjonane. I juni 2020 vedtok kommunestyret at samdrifta vart ei permanent ordning. Oppvekstsenteret har felles årsplan, foreldremøte, juleavslutning, sommaravslutning, idrettsdagar m.m.

Vadheim oppvekstsenter har per i dag 9,7 årsverk. Desse er fordelt på skule og barnehage. Undervisningspersonalet i skulen utgjør fire årsverk.

Stilling	Storleik	Institusjon
Leiar	100 %	skule/barnehage
Adjunkt	100 %	skule
Adjunkt	100 %	skule
Adjunkt	100 %	skule
Lektor	100 %	skule
Pedagogisk leiar	100 %	barnehage
Fagarbeidar	100 %	skule
Fagarbeidar	70 %	skule
Fagarbeidar	30 %	skule
Barnepleiar	60 %	barnehage
Assistent	100 %	skule
Assistent	11,8 %	skule
Assistent	timebasis	barnehage

Prognose for elevtal i Høyanger kommune per 31.03.2023:

Skulekrins	2022/2023	2023/2024	2024/2025	2025/2026	2026/2027	2027/2028
Høyanger	274	263	268	254	232	203
Kyrkjebø	58	53	47	45	46	37
Vadheim	14	8	7	6	6	5
Lavik	55	45	44	41	40	40
Bjordal	23	19	21	22	26	27
SUM:	424	388	387	368	350	312

Skulekrinsane i Høyanger kommune

Dei siste handsamingane av skulekrinsane i Høyanger kommune vart gjort av utval for oppvekst i mars 2017, og for Nesse skulekrins i kommunestyret, juni 2019, i samband med grensejusteringa mellom Nye Sogndal og Høyanger kommunar frå 01.01.2020. Skulekrinsane per i dag:

- Høyanger skule: Høyanger tettstad og tidl. Nesse krins
- Kyrkjebø skule: Berge-Nordeide – Klævold
- Vadheim skule: Hovden – Ytredal – Byrkjosen -Bogen
- Lavik skule: Avsnes – Hyllestad kommunegrense
- Bjordal skule: Ortnevik - Ikjefjord

Nærskulen

Opplæringslova § 8-1 seier at grunnskuleelevar har rett til å gå på den skolen som ligg nærast eller ved den skulen i nærmiljøet som dei soknar til. Nærskulen er anten den skulen som ligg nærast i avstand, eller den skulen i nærmiljøet som dei soknar til. Føremålet med regelen er at elevar frå dei same geografiske områda skal gå på den same skulen. Vurderinga av kva skule som ligg nærast, skal ta utgangspunkt i geografiske forhold. Alle barn skal få gå på same grunnskule med dei andre barna frå sitt nærmiljø. Kommunen har høve til å setje fast kva som skal vere det geografiske området for kva skule, og kommunen kan bestemme ei organisering av skulen som er mest mogleg tenleg lokalt.

Merk at nærskule i følgje opplæringslova § 8-1 kan vere både den skulen som ligg nærast i avstand og den skulen som eleven soknar til. Utgangspunktet er at elevane går på den skulen dei soknar til. Det er nedgang i elevtalet i skulekrinsane, og kommunen si prioritering har lenge vore å kunne fordele elevtalet på dei ulike skulane. Utdanningsdirektoratet definerer skular med under 100 elevar som små skular.

Læringsmiljøet sin storleik og sårbarheit

Med bakgrunn i det låge elevtalet ved oppvekstsenteret, er læringsmiljøet drøfta på generelt grunnlag av omsyn til personvern. Skulen ved Vadheim oppvekstsenter er fådelt, og vil seie at elevar frå to eller fleire årssteg går i same klasse. Det seiast lite om denne skuletypen har spesielle kvalitetar, samanlikna med ein fulldelt skule. Ein fådelt skule vert også rekna som ein nærmiljøskule, som er eit omgrep på denne type skule i små samfunn. Nærmiljøskulen kan seie noko om relasjonen mellom skule og miljø, der nærleik og miljø skildrar denne relasjonen.

Eit lite miljø kan vere meir sårbart, sidan det er færre moglegheiter for den enkelte å kunne inngå venerelasjonar og finne likesinna. Det kan vere vanskeleg å variere mellom ulike sosiale grupperingar der du kan inngå i ulike roller. Dersom det oppstår konflikter i relasjonar, er det ikkje sikkert at den enkelte har fleire alternativ å velje blant. Individ kan som konsekvens falle utanfor fellesskapet, og eit slikt utanforskap kan vere skadeleg.

Forsking seier lite om kva som er best av anten store eller små skular. Det kan vere fordelar og ulemper med begge deler. Det kan vere større variasjonar i elevane sitt læringsutbytte innanfor ein skule, enn mellom skular. Det mest avgjerande for eleven sitt læringsutbytte, er skulen sin praksis. Det vil seie skuleleiing og lærarane sin praksis, leiing, vurdering, rettleiing og samhandling med elevane. Føresetnaden er om elevane trivst på skulen og i læringsmiljøet. Størrelse på skule og læringsmiljø kan likevel bety noko. Korleis kvar enkelt elev opplev seg sett, verdsett og inkludert har stor betydning for den enkelte si psykiske helse og trivsel.

Pedagogikk handlar om undervisning, læring og utvikling. Det er også ein praktisk aktivitet som inneber oppseding og danning. Meir generelt er det å leve saman med barn og unge, og å handle praktisk i konkrete og spesifikke situasjonar. I pedagogikk skal vaksne vere merksame på barn og deira opplevingar, og dei skal ha ei god tilnærming til elevane. Leik, arbeid og problemløysing i fellesskap med andre vil påverke eleven i ulike måtar å tenke på. Med få elevar, kan det vere utfordrande å samarbeide om oppgåver i fag som er tilpassa bestemte trinn, og som krev ein bestemt progresjon. Det kan også vere utfordrande for ein elev å vere aleine jente eller gut i ei heil gruppe (Berg-Olsen 2008).

Elevane lærer av kvarandre gjennom interaksjon i klassen, og med få elevar i spreidd alder, vil truleg medeleveeffekten verte svekka. Med [Ot.prp. nr. 67 \(2002 – 2003\)](#) vart klassesdelingsreglane endra. Det vart lagt til rette for ein større lokal fridom som ga moglegheit til organisering av elevar i aldersblanda grupper. Opplæringslova § 8-2 seier at elevane skal delast i klassar eller grupper som skal ta i vare deira behov for sosial tilhøyrse.

Aldersblanda læringsgrupper stiller særleine krav til læraren si undervisning og val av arbeidsmetodar. Lærarutdanninga er i stor grad bygd opp og tilrettelagd med tanke på undervisning i fulldelte skular. Sjølv lærarskular i regionar med stort tal fådelte skular, legg i liten grad til rette for at studentar får praksiserfaring i fådelte skular i løpet av utdanninga.

Lærarar i ein fådelt skule må balansere det å ha to eller fleire aldersgrupper samstundes, og det kan krevje meir av deg når det gjeld klasseleiing. Du kan ha elevar som er på heilt ulike stadium, og individuelle tilpassingar kan gi utfordringar når du underviser for fleire aldersgrupper samla. Samstundes vil du truleg få ein tettare kontakt med elevane i ein fådelt skule, samanlikna med ein klasse i fulldelt skule.

Det kan vere utfordrande å få tak i lærarar med rett og brei kompetanse i dei ulike faga det skal undervisast i. Du må også rekne med å ta på deg oppgåver som er utanfor din kompetanse, og

det krevst at du er fleksibel og kan gjere ting du ikkje har planlagt. Dersom det er fråvær, må du rekne med å undervise i fag og på trinn som ikkje er i samsvar med utdanninga du har. Det pedagogiske fagmiljøet i ein liten skule med få elevar, kan vere utfordrande og gjere læringsmiljøet sårbart. Det kan også føre til færre pedagogiske moglegheiter i undervisninga.

Skuleskyss og akseptabel reisetid

Skuleskyssen skal organiserast slik at elevane får ei akseptabel reisetid. I vurderinga av akseptabel reisetid må gangtid og tid med transportmiddel sjåast i samanheng. Reisetid på skulevegen kan bety mykje for den enkelte. Avstanden frå ein elev sin heim til skule avgjer om eleven har rett til skuleskyss. Organisering av skuleskyssen, utforminga av vegnettet og busettingsmønsteret i kommunen vil påverke reisetida. Vurdering av kva som er forsvarleg reisetid er ikkje direkte lovregulert. Det er opplæringslova med forskrifter og forarbeid som må leggst til grunn for tolking av regelverket.

Opplæringslova §7-1 regulerer skyss og innlosjering for elevar i grunnskulen, men seier ikkje noko om korleis skyssen skal organiserast. Heller ikkje i lova sitt forarbeid er det konkrete vurderingar av forsvarleg reisetid. I [Ot. prp. nr. 46 \(1997-1998\)](#) heiter det likevel: «*Departementet understrekar at skuleskyss må organiserast slik at elevar får ei akseptabel reisetid. Særleg er det viktig å organisere skyssen for 6-åringane slik at reisetida blir så kort som mogleg. I vurderinga av akseptabel reisetid må gangtid og tid med transportmiddel sjåast i samanheng.*»

Utdanningsdirektoratet skriv også i [rundskriv-2-2019](#) at omsynet til at eleven får tilstrekkeleg fritid og tid heime talar for å avgrense reisetida så mykje som mogleg. Omsynet til effektiv og rasjonell organisering av skyssen kan på den andre sida tilsei at alle elevar må godta ei viss reisetid.

Administrasjonen vurderer at å skyss elevane frå Vadheim skulekrins til dei ulike alternativa vil vere forsvarleg. Elevane på ungdomstrinnet reiser slik allereie i dag. Samstundes må det vektleggast i dialogen med Skyss/Vestland fylkeskommune, at reisetida er effektiv, trygg og så kort som mogleg, spesielt for dei yngste elevane.

Skulefritidsordning

- Elevar vil få tilbod om plass ved sin skule
- Kommunen sørgjer for skyssordning

Drift av barnehage

Drifta av barnehagen ved Vadheim oppvekstsenter vert ført vidare i barnehageåret 2023/2024.

Skule og nærmiljø

Skulen ved Vadheim oppvekstsenter har betydning for nærmiljøet på fleire vis. Utanom skuletida fungerer bygningen som samlingsstad og som samfunnshus. Det vil alltid påverke omgjevnadane om ein skule vert mellombels stengt. Det er også krevjande å setje konsekvensane for nærmiljøet opp mot dei potensielle konsekvensane for det enkelte barn, særleg om barnet skulle oppleve dei negative sidene av å vere i eit lite og sårbart miljø, slik det er skildra over, over fleire år. Den direkte konsekvensen av at skulen vert mellombels stengt, er at det ikkje vil vere aktivitet i skulen på dagtid og mindre aktivitet totalt sett.

Bygningsmassen vil framleis kunne bli brukt som samfunnshus og bibliotek, og halde fram med å vere ein positiv samlingsstad i bygda. Ringverknadene for lag og organisasjonar kan gå i fleire retningar. Det treng ikkje få avgjerande betydning for t.d. idrettslaget. Heller ikkje aktivitetar for dei yngste barna treng å bli påverka av ei mellombels stenging. Ofte vil desse barna krevje tett oppfølging av foreldre, og vil kunne fortsette som før. For barna, som blir ein del av eit større miljø, kan inngå i fleire venerelasjonar. Dette kan opne for nye interesser. Gjennom medelevar sine interesser og fritidsaktivitetar, kan dei bli introdusert for eit større utval aktivitetar og ulike miljø å velje blant. Dette kan bidra til ei reell auke i fritidstilbod som den enkelte kan oppleve som aktuelle for seg. Det betyr ikkje at det ikkje vil vere grunnlag for fritidsaktivitetar i Vadheim, men at barna i barneskulealder kan få ein lågare terskel for å nytte tilbod i andre lokalmiljø i kommunen. Desse tilboda kan likevel kome i tillegg til tilboda i Vadheim. Det vil kunne ha stor betydning for det enkelte barn, ved at moglegheitene blir fleire og variasjonen noko større. Det kan også bety at barn kan oppleve å ha fleire å dele interessene sine med på fritida, ved at dei blir kjende med fleire jamaldrande. Elevane i ungdomsskulealder er allereie ein del dette.

Alternativ for mellombels flytting

Fordelar og ulemper for dei ulike alternativa:

- Elevar/barnefamiliar
- Det pedagogiske tilbodet/læringsmiljø
- Psykososialt miljø/trivsel
- Lærarar og andre medarbeidarar
- Lokalsamfunnet
- Anna

Transport

Strekning	Avstand (km)	Tid (ein veg) med buss
Vadheim sentrum - Kyrkjebø	13 km	12 - 23 minutt
Vadheim sentrum - Lavik	25 km	35 – 45 minutt
Vadheim sentrum - Høyanger	24 km	35 – 45 minutt

Det er ulike avstandar/tidsbruk avhengig av kvar dei ulike elevane har bustadadresse.

Alternativ 1

Flytte elevane frå Vadheim oppvekstsenter til Kyrkjebø skule

Kyrkjebø skule har 53 elevar i skuleåret 2023/2024, fordelt slik:

Trinn	1.	2.	3.	4.	5.	6.	7.
Elevar	4	4	8	12	8	7	10

Vurdering:

Elevane får kort reiseveg til den geografisk, næraste krinsskulen. Kyrkjebø er ein fådelt skule med 1. – 7. trinn. Elevane vil kome i klasse med sitt årskull som dei seinare skal gå saman med i ungdomstrinnet på Høyanger skule. Kyrkjebø skule har 53 elevar ved oppstart av skuleåret 2023/2024. Det vil vere ein god overgang til eit større undervisningsmiljø, men på ein liten skule. Det er høve til å utvikle gode relasjonar mellom elevar som ikkje bur så langt frå kvarandre også på fritida.

Konsekvens:

- Ta skulebuss med eldre elevar som går på ungdomstrinn og vidaregåande.
- Elevane må byte skule to gongar, først til Kyrkjebø for å gå på barneskule sidan til Høyanger for å gå på ungdomstrinn.

Alternativ 2

Flytte elevane frå Vadheim oppvekstsenter til Høyanger skule

Vurdering:

Elevane kjem rett til sentrumsskulen som er ein skule med 1.- 10. trinn. Elevane kjem inn i eit skulemiljø med elevar dei likevel skal gå 8. – 10. trinn saman med. Dei slepp fleire skulebytte.

Høyanger skule har 263 elevar i skuleåret 2023/2024, fordelt slik:

Trinn	1.	2.	3.	4.	5.	6.	7.	8.	9.	10.
Elevar	12	23	23	29	24	27	35	39	28	23

Konsekvens:

- Reiseveg inntil 45 minuttar med fleire stopp for å plukke opp eldre elevar frå Vadheim og Kyrkjebø som skal til Høyanger skule
- Ta skulebuss med eldre elevar som går på ungdomstrinn og vidaregåande.
- Elevane må ta buss med eldre elevar som går på ungdomstrinnet og vidaregåande skule.

Alternativ 3

Flytte elevane frå Vadheim oppvekstsenter til både Kyrkjebø skule og Høyanger skule, avhengig av klasstrinn.

Vurdering:

Dei yngste elevane i 1. – 6. trinn kjem til Kyrkjebø skule som er ein fådelt skule. Dei kjem inn i eit større skulemiljø samanlikna med Vadheim oppvekstsenter, men likevel ein liten og oversiktleg skule der dei fort kan verte kjende med medelevar.

Elevane som skal ta til i 7.trinn kjem rett til Høyanger skule, kjem inn i klassen dei skal vere saman med i ungdomsskulen. Dei slepp å byte skule to gongar på to år.

Konsekvens:

Dei yngste elevane får ein reiseveg på ca. 18 minuttar, medan dei eldste får reiseveg inntil 33 – 45 minuttar grunna fleire stopp for å ta med ungdomsskulelevar som skal til Høyanger skule.

Elevane tek same buss som eldre elevar som går på ungdomstrinnet og vidaregåande skule.

Alternativ 4

Flytte elevane frå Vadheim oppvekstsenter til Lavik skule

Vurdering:

Lavik skule har 45 elevar i skuleåret 2023/2024, fordelt slik:

Trinn	1.	2.	3.	4.	5.	6.	7.	8.	9.	10.
Elevar	1	5	2	4	6	8	1	4	6	8

Lavik skule er ein fådelt skule med 1. – 10. trinn, og har 45 elevar ved oppstart av skuleåret 2023/2024. Elevane kjem inn i eit større skulemiljø samanlikna med Vadheim oppvekstsenter, men likevel ein liten og oversiktleg skule der dei fort kan verte kjende med medelevar.

Konsekvens:

- Elevane får ein reiseveg på inntil 35 – 45 minuttar.
- Nokre stopp for å plukke opp eldre elevar som skal til Lavik skule

Alternativ 5

Føresette og elevar kan velje å bytte skule til den dei meiner høver dei best.

Konsekvens:

- Elevane i Vadheim kan miste samhaldet/fellesskapet dei får av å bli samla i same skule/klasse